



Til styret i Helse Vest  
v/ styreleiar Terje Varberg

På Leiardialogmøtet 25.04.2017 blei det tydeleg uttalt at styret ikkje ynskjer å motta fleire innspel frå leiarane. Det same blei sagt på Helse Førde sitt styremøte den 28.04.2017.

Av den grunn ser vi ikkje at vi lenger har ein open kanal for å kome med våre reaksjonar og kjenner oss nøydde til å gå vidare til styret i Helse Vest.

At det har vore langvarig uro i Helse Førde er kjent for dei fleste. Vi er leiarar i Helse Førde som har håpa på løysingar som kan skape tillit. Vedtak og synspunkt i det siste styremøtet set ein stoppar for vår optimisme. Det same gjorde innslaget i Firda, der leiarar i Helse Førde gjekk ut i pressa mot dei tillitsvalde. Det bør vere ein tankevekkar at nokre av desse sit i toppleiringa.

Årsakane til konfliktene er det delte meningar om. Slik vi ser det, er dei tilsette delt i fire grupper: For – mot – veit ikkje – torer ikkje. Uansett er mange opptekne av dette.

Vil vil tilbakevise påstandane om manglende endringsvilje.

Vi arbeider i eit fagfelt der det er kontinuerlige endringar både når det gjeld fag, utstyr, teknologi og organisering. Avdelingar er lagt ned og/eller samanslegne, alt etter kva endring det har vore behov for. Alle endringar har gått parallelt med vår daglege drift. Dette har også gått parallelt med strukturendringane i Helse Førde. Dette har vore svært krevande. Heile 2015 og 2016 hadde vi gode økonomiske resultat og kom godt ut i forhold til nasjonale kvalitetsindikatorar.

Endringar og arbeid med Pasientens Helseteneste ser vi på som svært viktig. Vi ser behovet for å fortsette å utvikle tenesta vår vidare. Oppi dette arbeidet må vi sikre fokus på det faglege. Vi meiner all organisering må sikre fagmiljøa og spesialkompetansen, både på pleiesida og på legesida. Det er dei faglege kvalitetane pasientane måler oss på.

#### **Informasjonsmøtet som «ikkje var det».**

Fredag 19.08.2016, på ettermiddagen, vart det sendt ut innkalling til informasjonsmøte om den nye organiseringa. Informasjonsmøta blei organisert etter kartet til den nye organisasjonen. Møta blei heldne frå mandag (22.08) morgen til utover tysdagen (23.08). Mandag 22.08 var for mange av oss første dag etter ferien, og ein hadde lite tid til å førebu seg.

Informasjonen på desse møta blei gjeven av dåverande viseadm. Vidar Vie, eller av adm. Jon Bolstad. Etter desse møta var ingen av oss i tvil om at framlegg til nytt organisasjonskart skulle vere på plass til nyttår. Vi fekk ikkje informasjon om kven som skulle bli vår nærmaste leiar, men vi skulle uansett halde fram som seksjonsleiarar. Vi fekk beskjed om å gå tilbake til våre respektive arbeidsplassar og informere om den nye organiseringa på ein positiv måte, og stadfeste at dei tilsette også etter nyttår hadde same seksjonsleiar.

Det blei ikkje signalisert at det var rom for spørsmål eller reaksjonar i dette møtet, og det er difor vanskeleg å tru at leiinga var ute etter råd og innspel. I ettertid har det blitt hevdat at dette kun var lufting av eit utkast til ny organisering, men det er vår klare oppfatning at dette ikkje berre var eit forslag.

Først er vi ansvarlege leiarar som skal ut i våre avdelingar og informere, og deretter blir vi skulda for å ha misforstått.

Alle leiarane blei rett etterpå innkalla til tre-dagars konferanse på Alexandra Hotell etter det nye organisasjonskartet.

Leiarkonferansen blei seinare avlyst.

Denne konflikta starta etter vårt syn med at Direktør og leiing har forsøkt å snakke seg ifrå at dette var starten på ei reell omorganisering.

#### **Leiardialog 25.04.17**

På leiardialogmøtet 25.04.17 lytta ca 130 leiarar til Jon Bolstad si forklaring og hans gjennomgang av den bestilte faktarapporten.

Vi stiller spørsmål ved om alle fakta står i rapporten.

Vi reagerer også på at både granskingsrapporten og varslingssaka vart behandla i ein og same rapport.

Vi lytta til styreleiar Agnes Landstad. Ho brukte naturleg nok tid på å vise dei oppgåvane vi har føre oss og dei utfordringane vi står overfor.

Vi skal utvikle helsetenestene vidare.

Ho karakteriserte haustens hendingar som eit jordskjelv, lik det som var bl.a i Italia. Ho ynskte seg mindre forskyvingar i jordskorpa slik at ein er sikra bevegelse utan dei store konsekvensane som skjelv medfører.

Ja, jordskjelv har vi hatt i Helse Førde - ikkje skapt av naturen, men av vår eiga øverste leiing.

«Skjelvet er over og vi er i oppbyggingsfasen» sa Agnes Landstad på leiardialogmøtet. Men i ei tid der manglante tillit råder, er det verdt å merke seg at det er den same leiinga som skal stå for oppattbygginga.

Det skal ikkje vere meir botsgang eller meir graving, sa styreleiar Agnes Landstad. Mon tru om det er lurt å bygge framtida utan å sikre grunnen for nye skjelv?

Det er ikkje nok å skrape litt i overflata når grunnen er ustabil.

Korkje leiardialog eller styremøtevedtak har gjeve oss tryggleik eller tillit for den vidare framdrifta av Pasientens helseteneste.

#### **Styremøtet 28.04.17**

Første sak var gjennomgang av tilsvaret frå Legeforeninga sine juristar etter den tidlegare utarbeidde faktarapporten. Det er alvorleg når tillitsvalde og Helse Vest valde styremedlemmer stemmer ulikt i styret i ei så viktig sak.

Det er lov å vere ueinig, men med bakgrunn i det som har skjedd, er det lett å tenke splittelse.

Tillitsvalde skal ivareta dei tilsette sine interesser i ulike prosessar og sjå til at lov og avtaleverk vert heldne.

Korleis trur styreleiar, styre, direktør og leiing at framtida vert med ei slik konflikt?

Vi har erfaring med at betente sår ikkje gror om ein plastrar aldri så godt. Ofte må det reviderast til friskt kjøtt kjem fram.

Slik også med tillit. Tillit oppstår ikkje om styret vedtek det.

Dei har med dette gitt oss tankar om at vi har eit styre for leiinga og ikkje for dei tilsette. Det burde vere same sak.

Samarbeid mellom leiing, tilsette og tillitsvalde er nøkkelen til suksess i alle bedrifter.

Gode samhandlingar mellom leiing og tilsette er det som kan få fram gode kvalitetar og gjer at ein yter sitt aller beste.

Vi har heldigvis hatt denne trivselen i våre avdelingar. Vi er i ein klinik der det har vore jobba godt. Vi har stor tillit til våre avdelingsjefar og til vår klinikkdirktør, som nyleg fann å måtte fråtre si stilling.

Vi har konsentrert oss om vårt daglege arbeid, men no kjenner vi på behovet for å seie ifrå.

Avisoppslag 22.04.17 tyder på at det står mellom støtte og motstand mot direktør Jon Bolstad. Styret i Helse Førde har ikkje klart å løyse den konflikten som har oppstått.

Vi ser ikkje at dei har teke konsekvensen av dei innspela dei har fått.

Og no vel erfarne, etablerte styremedlemmer, valt av Helse Vest, å halde seg for øyra - for no vil dei ikkje høyre meir.

Vi ber om at styret i Helse Vest tek naudsynte grep for å rydde opp i den situasjonen Helse Førde er komen i.

Førde 05.05.17

Med helsing

Joril Viken Sandnes, seksjonsleiar gynekologisk poliklinikk  
Anne-Ma Frimannslund, konst. leiar anestesiavdelinga  
Evelyn Stavang, seksjonsleiar kir/ØNH/auge sengepost  
Mari Veien Teige, ass. avd.sjef AAM  
Helene Sæterdal, seksjonsleiar AMK  
Stian Sægrov, ambulansesjef  
Margunn Holme, seksjonsleiar kjevekir. poliklinikk  
Ingrí Holvik Morken, seksjonsleiar ØNH poliklinikk  
Reidunn Bergheim, seksjonsleiar operasjon  
Reidun Hauge, seksjonsleiar kirurgisk poliklinikk  
Kjellaug Fredly, seksjonsleiar KK/gyn/fødeavd.  
Janne Beate Skudal Sunde, seksjonsleiar augepoliklinikk  
Wenche H. Vallestad, seksjonsleiar intensiv/oppvåkning  
Tom Nordstrand, seksjonsleiar AAM Lærdal  
Britt Iren Helle, seksjonsleiar sterilsentralen